

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 8. september 2025 kl. 13.30-15.00

Stad: Rom 435 HF-bygget

Til stades: Aidan Conti (undervisningskoordinator), Anne Beate Maurset (allmenn litteraturvitskap), Hanna-Riikka Roine (digital kultur), Christer Johansson (språkvitskap), Helga Mannsåker (nordisk språk), Anna Bohlin (nordisk litteratur), Ann-Kristin Helland Gujord (norsk som andrespråk), Pär Sandin (klassisk), Marianne van Baar (Norskkursa), Ragnhild Lie Anderson (lektorutdanninga), Henning Laugerud (kunsthistorie), Isak Dombestein, Cornelius Vestvik, Sandra Sandnes (studentrepresentantar), Veronica Christensen (sekretær)

Frå studieadministrasjonen: Amund Sørås, Ingeborg Storebø, Dina-Eirin Kleppe Leikanger

Forfall: Jens Eike Schnall (nørron filologi), Ulla Kallenbach (teatervitskap), Aline Pena Gill

Saksliste

UUI-sak 10/25: Godkjenning av innkalling og saksliste.....	1
UUI-sak 11/25: Orienteringssaker.....	1
Orienteringssak 1: LES100	1
Orienteringssak 2: Prosess for godkjenning av emnepakkar	2
Orienteringssak 3: Utlysing av midlar til prosjekt innan universell utforming i undervisning og læringsmiljø	2
UUI-sak 12/25: Avslutta utvekslingsavtalar	2
UUI-sak 13/25: Ymist.....	2

UUI-sak 10/25: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 11/25: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: LES100

Førstesemesterrådet ønsker å snakke med fagkoordinatorar om korleis vi implementerer og tilpassar LES100 til alle faga våre. Også emneansvarlege til 100-emna våre er inviterte til dette møtet. Kan 22. eller 29. september passe?

Kvart program skal avsjå undervisingstimar (ca. 120) for LES100 frå hausten 2026. Dette kan føre til ein debatt på dette møtet med Førstesemesterrådet. LES100 var presentert til fagmiljøa som erstatning for Akademisk skriving, men no er opplegget eit anna. Kvifor det?

Undervisningskoordinator kan melde inn ynske om avklaring på dette på møtet. Fagleg tilbod heng saman med ressursane som vi har til rådighet, og mange program slit allereie med å ha for få ressursar. Det er også uklart for fagmiljøa kva innhaldet i emnet er per i dag.

Måndag 29. september kl.14 passer bra for dei fleste. Undervisningskoordinator sender forslag til fakultetet.

Orienteringssak 2: Prosess for godkjenning av emnepakkar

Fakultetets sin frist for godkjenning av emnepakkane, er 15. januar 2026. Instituttets frist for å melde inn framlegg til emnepakkar er 9. november, og desse skal godkjennast på møtet i UUI 8. desember. Framlegga skal sendast på e-post til Aidan og Signe. Aidan orienterer.

Det er spørsmål om kor detaljert desse emnepakkane skal vere. Undervisningskoordinator viser mal for innmelding av emnepakke.

Det er spørsmål om kva problem emnepakkane løyser. Dette er ikkje klart for fagmiljøa. Overlapp, forkunnskapskrav og timeplanlegging blir oppfatta som problem med desse emnepakkane.

Orienteringssak 3: Utlysing av midlar til prosjekt innan universell utforming i undervisning og læringsmiljø

Frist for å søke er 1. oktober og ein kan få inntil 100.000 kroner frå UiB Universell. Meir informasjon i eigen e-post som kjem. Søknadane skal sendast i UiB-hjelp.

Det er spørsmål frå norsk som andrespråk: kor breitt kan vi tolke «mangfald»? Kan det omfamne studentar som ikkje har norsk som morsmål?

UUI-sak 12/25: Avslutta utvekslingsavtalar

Det har blitt avslutta ein del utvekslingsavtalar, i kva grad har dette skapt utfordringar for dykk?

Nokon av fagmiljøa har uttrykt bekymring rundt dette og motteke bekymringar frå utlandet.

Veronica som internasjonal koordinator orienterer om bakgrunn for avslutningane og kva det betyr for tilsette og studentane:

UiB skal over til ei ny plattform for administrering av utvekslingsavtalar, og avtalane må bli flytta over manuelt. Pga. dette sette Internasjonalt senter i gang eit ryddeprosjekt som alle institutta og fakultet er med på. Målet er å avslutte avtalar som aldri eller i liten grad blir brukt, og å slå saman avtalar der det er hensiktsmessig. Eit slankare, meir oversiktleg og reelt tilbod av utvekslingsavtalar vil forhåpentleg hjelpe til å auke tal studentar som reiser på utveksling og føre til auka kapasitet til å rettleie studentane og pleie dei gode avtalane vi har som blir brukt.

Dette arbeidet påverkar ikkje tilsettutveksling i det heile. Om ein ynskjer å reise ut eller ta imot nokon, er det berre å ta kontakt med Veronica om det praktiske. Tilsettutveksling er ikkje avhengig av at avtalar for studentutveksling finst, og er mykje friare og krev ikkje så formelle avtalar som er lette å opprette ved behov.

HF-faga blir ikkje nedprioritert i dette arbeidet. Kwart institutt og fakultet vurderer utvekslingsavtalane sine og alle avsluttar avtalar der det er hensiktsmessig for dei.

UUI-sak 13/25: Ymist

- Ekskursjonsmidlar, frist for å søkje er 15. september

- Seminar for fagkoordinatorar 15. september/13. oktober
- Møter mellom undervisningskoordinator og alle fagkoordinatorane i løpet av hausten/vinteren
- Fellesemne: vedtak må gjennom programstyre. Frist for godkjenning 1. desember.
- Innmeldt frå programstyret for nordisk: EpN-fristar fell ofte mellom semestera eller for tidleg i semesteret til å rekke eit programstyremøte for å behandle emneplanendringar. Nordisk ynskjer at instituttet melder vidare til fakultetet at EpN må opnast tidlegare. Dei andre fagmiljøa er einige i dette.
- Semesterets møte er 20. oktober kl.13:30-15 og 8. desember kl.13:30-15.